

**Reaksjon på møkkspreiing**

28.07.2014

**uskedalen.no har fått reaksjonar frå folk i dalen på at bønder er igang med møkkspreiing så tett innpå Festidalen.**

**- Det luktar allereie vondt og verre vert det nok under festivalen, vert det hevda.**

**Bondelagsleiar Olav Hjetland Bringedal er ikkje samd med innringaren. Tvert imot hevdar han at bøndene tek omsyn med sin handlemåte.**

- Det er varsla regn nokre dagar framover og då er det viktig å gjennomføre møkkspreiinga snarast slik at det ikkje luktar når Festidalen er under avvikling, seier leiaren.

Han legg til at det daglege liv må gå sin gang sjølv om ein festival vert avvikla i bygda.

Også bøndene deltek i stor grad i denne stordugnaden i uskedalen.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen